

**Sal av alkohol i digitalt bemanna - fjernbetent - butikk -  
Nærbutikken Holmefjord for ein prøveperiode på seks månader**

Saksbehandlar:  
Gunn Sissel Teigen

Arkivsaksnr.:  
26/6270

JournalpostID:  
26/77443

|                |                           |              |
|----------------|---------------------------|--------------|
| <b>Saksnr:</b> | <b>Utval:</b>             | <b>Dato:</b> |
| 101/2026       | Bjørnafjorden formannskap | 03.09.2026   |

**Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak:**

NORE FUSA AS Org nr 911 820 722, får løyve til å selja alkohol – gruppe 1 frå utsalsstad Nærbutikken – Holmefjord, Holsundvegen 79, 5642 Holmefjord når butikken er fysisk ubemanna. Vilkåret er at digitale løysingar og dei interne kontrolltiltaka som vert nytta sikrar etterleving av regelverket. Løyvet vert gitt for ein prøveperiode på 6 månader slik NORE FUSA AS har søkt om.

Klageadgang: Klagefrist er 3 veker etter mottatt melding om vedtak jf. Forvaltningslova 29.

Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland. Klage skal sendast Bjørnafjorden kommune.

Bjørnafjorden, den 13.08.2026

Arild McClellan Steine  
Kommunedirektør

**Vedlegg:**

Fjernbetent sal av alkoholholdige varer  
Utgreiing om korleis sal av alkohol blir handtert i samsvar med lovverket  
Juridisk vurdering av alkoholsal i fjernbetent butikk - Helsedirektoratet 2026  
Vurdering av system utført av CMS Kluge  
Sal av tobakk og alkoholhaldig drikk til signering  
Risikokartlegging og Internkontroll  
Skjema for registrering av avvik og kundeklager  
Viktig Kontaktinformasjon  
Høyringssvar - søknad om fjernbetent sal av alkoholholdige varer - Nærbutikken Holmefjord  
Tilleggsinformasjon til fjernbetent sal av alkoholholdige varer  
Salg av alkohol og tobakksvarer i ubetjent (fjernbetjent) butikk

**Samandrag:**

Nore Fusa AS, utsalsstad Nærbutikken Holmefjord, har salsløyve alkohol gruppe 1. Kommunen har motteke søknad om delvis fjernbetent salsløyve. Dei søker for ein prøveperiode på 6 månader. Lokalet vil i deler av salstida for alkohol vera fysisk ubemanna. Kundane låser seg inn digitalt og sal av alkohol skal kontrollerast via fjernbetente løysingar, kameraovervåking og godkjenning frå ein operatør. Tilsette frå butikken skal sjølv vera fjernoperatør i prøveperioden, det skal ikkje nyttast operatør frå eksternt vaktelskap. Utdrag frå søknaden: «Grunnen for at vi ønsker fjernbetjent alkoholsalg i en prøveperiode, er at vi selv ønsker å teste ut systemets mekanismer, våre rutiner og gjerne sammen med dere under veis tilpasse, slik at vi er sikker på at vi ivaretar lovgivningen.»

Helsedirektoratet har tidlegare vurdert at fjernbetent alkoholsal ikkje er i samsvar alkoholova. Stortinget har i anmodningsvedtak 24.02.2026 bedt regjeringa syte for at kommunar kan tillate sal av alkohol i fjernbetente butikkar, og om naudsynt kome attende til Stortinget med forslag til lovendring. Helsedirektoratet har laga ei juridisk vurdering av alkoholsal i fjernbetent butikk, sjå vedlegg til søknaden. Departementet vil gå gjennom utgreiinga og vurdere behovet for eventuelle regelverksendringar.

Departementet si vurdering er at det kan givast løyve til sal av alkohol i fjernbetent butikk, gitt at dei tekniske løysingane er gode nok til å oppfylle krava i alkoholova. Dette må vurderast konkret i kvar einskild sak.

Bjørnafjorden kommune har ikkje behandla søknadar om fjernbetent alkoholsal tidlegare og det er ikkje tema i vedtekne retningsliner for sal og skjenking i Bjørnafjorden kommune. Saka vert derfor lagt fram til politisk behandling.

Kommunedirektøren tilrår at søknaden vert innvilga.

**Saksutgreiing:**

Nore Fusa AS, utsalsstad Nærbutikken Holmefjord, v/dagleg leiar og styrar May Boge har søkt om delvis fjernbetent alkoholsal i ein prøveperiode på 6 månader.

Utdrag frå søknad m/vedlegg:

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*

«Vi gjør i disse dager betydelige investeringer, hvor vi tar i bruk teknologi (RMA – som tilbys av leverandøren Liberty Now AS) for å effektivisere driften og gi kundene et enda bedre tilbud.

Vår 100m<sup>2</sup> butikk blir høyteknologisk med kameradekning over alt, høytalere for kommunikasjon med kunder, diverse låsemekanismer for inngang/utgang og alkoholskap med mer. Arbeidet er planlagt ferdigstilt i løpet av juni måned. Riktignok pågår det fortsatt et arbeid med å tydeliggjøre regelverk og veiledere, men kommunen kan godkjenne salg av alkohol i fjernbetente butikker, dersom lovkrav vurderes oppfylt i den enkelte sak.

Vi har gjennomgått:

- "Juridisk vurdering av alkoholsalg i fjernbetjent butikk, Svar på bestilling fra Helse-og omsorgsdepartementet"(se vedlegg)
- "VURDERING AV EKSISTERENDE SYSTEMER FOR FJERNBETJENT ALKOHOLSALG- av CMS Kluge Advokatfirma AS" (se vedlegg)

Helsedirektoratet har ikke vurdert et konkret system, men ulike funksjoner og elementer ved teknologiske løsninger og hvilke elementer teknologiske løsninger må sikre for å kunne oppfylle krav etter alkoholregelverket. På noen områder er de enige med advokatfirma, mens på andre er de uenig. Det systemet vi har investert i er vurdert av advokatfirma.»

«Konklusjoner fra CMS Kluge Advokatfirma AS: De aktuelle systemene er langt på vei egnede for å ivareta alkohollovgivningen. Rent teknisk er tilsynelatende alle systemene tilrettelagt på en måte som gjør det mulig å overholde kravene. Slik de ulike løsningene er beskrevet, er det imidlertid grunnlag for å gjøre enkelte endringer i rutinene til fjernoperatørene som skal kontrollere butikkene og sørge for at alkoholsalg skjer i overensstemmelse med alkohollovgivningen.»

«Fjernoperatøren bør foreta en obligatorisk, kort muntlig dialog med alle kunder som ønsker å kjøpe alkohol, for å avdekke påvirkningstilstand. Forutsatt at systemets mekanisme for detektering av uvanlig atferd fungerer som forespeilet i dokumentasjonen, mener vi at systemet byr på en forsvarlig kontroll med at det ikke drikkes alkohol i salgslokalet. Fjernoperatøren bør ha mulighet til å kontakte vakter eller annen bistand dersom kunde nekter å forlate lokalet ved ulovlig drikking eller åpenbar beruselse. Kjøpsmannshuset kan i tillegg vurdere å iverksette rutiner for regelmessig manuell kontroll av butikklokalene via kamera.»

#### **Løyvsøkjar skriv elles m.a. følgjande i søknaden:**

«Med de tekniske løsninger som blir installert, i kombinasjon med vårt personale (med våre oppdaterte rutiner og internkontroll -se vedlegg) mener vi å oppfylle lovkravene. Ekstern vaktsentral i fjernbetjent tid, innenfor lovlige tider for alkoholsalg, er ikke aktuelt for oss i prøveperioden.

«Grunnen for at vi ønsker fjernbetjent alkoholsalg i en prøveperiode, er at vi selv ønsker å teste ut systemets mekanismer, våre rutiner og gjerne sammen med dere under veis tilpasse, slik at vi er sikker på at vi ivaretar lovgivningen.»

Løyvesøkjar er ein del av Kjøpmannshuset. Kjøpmannshuset si løysing er vurdert m.a. i pkt 4 s 10- 14, i vedlagde VURDERING AV EKSISTERENDE SYSTEMER FOR FJERNBETJENT ALKOHOLSALG- av CMS Kluge Advokatfirma AS". Utdrag:

«Dokumentet redegjør for systemet RMA Retail Multi Automation som tilbys av leverandøren Liberty Now AS («RMA- systemet»). Vi forstår det slik at Kjøpsmannshusets fjernbetjente butikker benytter RMA-systemet. Rapporten er utarbeidet i kjølvannet av vår juridiske betenkning av 28. januar og tar sikte på å vurdere RMA-systemet opp mot funnene i den juridiske betenkningen. B1 gir selv en vurdering av om RMA- systemet er i overensstemmelse

*med kravene i alkohollovgivningen. I det følgende redegjør vi for hovedtrekkene i den tekniske beskrivelsen av RMA-systemet i B1, før vi går over til å gjøre en selvstendig vurdering av om systemet er i tråd med alkohollovgivningen.»*

*Pkt 6, s 18:*

*«AVSLUTTENDE MERKNADER*

*Systemene de ulike kjedene bruker ser i hovedsak ut til å kunne sikre etterlevelse av kravene i alkohollovgivningen. Det mest kritiske punktet er at kjedene (i større grad) må sørge for muntlig interaksjon med kunden for å forsikre seg om at personen ikke er åpenbart påvirket. Utover dette blir det viktig å ha en regelmessig oppfølging for å undersøke om risikobildet tilsier endringer i bruk av tiltak. Dette forutsetter også at kjedene i praksis er påpasselige med å etterleve kravene i alkohollovgivningen.»*

### **Korleis skal fjernbetent alkoholsal gjennomførast hos løyvesøkjar**

Som vedlegg til søknaden ligg utgreiing frå løyvesøkjar om korleis sal av alkohol vert handtert i samsvar med regelverket. Rutinen har relevante tiltak for å sikre etterleving av lovverket slik det går fram av søknad og vedlegg. I følge rutine for Nærbutikken-Holmefjord må kunden kontakte fjernoperatør – som er ein av dei tilsette i butikken: Sjå Pkt 3 a «Operatør ser og snakker med kunden på systemet» og i m.a. 3 b, 3c vert det klargjort korleis utsjekking av kunden skal gjerast slik at det er i samsvar med tilrådingar i VURDERINGA frå KLUGE sjå vedlegget i si heilhet.

Som ettersendt vedlegg ligg lenkje til fil der «en kort film om hvordan det tekniske systemet levert av Liberty Now AS fungerer»:

<https://vimeo.com/1046326283/f3db00cf7d?share=copy&fl=cl&fe=ci>

Av filmen går det fram at det er følgjande kontrollpunkt:

- «1. Ved inngangsdøra
2. Foran alkoholskapene
3. Når alkoholskapene åpnes
4. Når en vare som er aldersbestemt skannes i kassen
5. Når kunden går mot utgangsdøren.»

Løyvesøkjar har presisert at:

«!Merk. Hos oss skal i tillegg (til beskrevet i kortfilm) alkoholskap være låst i fjernbetjent tid, slik at kundene må ta kontakt med betjening før opplåsing av skap.»

Av søknad m/vedlegg går det m.a. fram at det er dei tilsette i butikken som skal fungere som fjernoperatør, at fjernoperatør ser og snakkar med kunden, for å kunne vurdere om kunde er openbart rusa, mm.

### **Frå vedlegg til søknaden:**

«Fysisk bemannet åpningstid og fjernbetjent salg av alkohol:

Nærbutikken Holmefjord viderefører samme fysisk bemannet åpningstid som i dag.

- Mandag - torsdag kl 9:00-18:00

- Fredag kl 9:00-19:00

- Lørdag kl 9:00-16:00

Fjernbetjent salg av alkoholholdige varer

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*

- Mandag - torsdag kl 8:00-9:00 og 18:00-20:00
- Fredag kl 8:00-9:00 og 19:00-20:00
- Lørdag kl 8:00-9:00 og 16:00-18:00»

[Bjørnafjorden kommune sine retningslinjer for sals og skjenkeløype](#) har lokale reglar for salstida, alkoholhaldig drikk i gruppe 1:

Mandag til fredag: kl. 08.00 – 20.00

Laurdag: kl. 08.00 – 18.00

Saka er sendt politiet og NAV v/sosialtenesta for evt. uttale.

**Politiet v/tenestestadsleiar Fusa politistasjon Anders Opsal har gitt følgjande uttale; utdrag:**

*"Politiet kan ikkje sjå at søknaden, slik han ligg føre, gjev grunnlag for innvendingar av ordens- eller tryggleiksmessig karakter. Tvert imot synest verksemda å ha gjort grundige vurderingar av dei utfordringane som kan oppstå, og har skildra tiltak som framstår som eigna til å redusere risiko. Det vert lagt til grunn at dei skildra rutinane og tekniske løysingane vert implementerte og etterlevde i praksis, og at verksemda fortløpande evaluerer ordninga og gjer nødvendige justeringar dersom erfaringane tilseier det. **På denne bakgrunnen har politiet ingen merknader til at kommunen innvilgar søknaden om ein tidsavgrensa prøveperiode.**"*

NAV v/sosialtenesta har ikkje gjeve uttale.

Butikken er ein del av Merkur-programmet, som er eit statleg utviklings- og støttetiltak for små daglegvarebutikkar i distrikta. Føremålet med programmet er å sikre at innbyggjarar i område med lite kundegrunnlag framleis har tilgang til nærbutikk.

**Rettsleg grunnlag:**

**Alkohollova og Helsedirektoratet si juridiske vurdering av alkoholsal i fjernbetent butikk.**

**Brev av 30.04.2026, utdrag:**

*«Helse- og omsorgsdepartementet viser til spørsmål som er reist om salg av alkohol og tobakk i fjernbetjente butikker. Departementet ønsker å kunne ha fjernbetjente butikker i distriktene og forstår at dette er viktig for mange lokalsamfunn. Samtidig må folkehelsepolitiske hensyn ivaretas på en god måte. Ny teknologi åpner opp for nye muligheter, men kravene i regelverkene må fortsatt oppfylles, og vi må være sikre på at kontrollen er god nok. Vi viser i denne forbindelse også til anmodningsvedtak 487 fattet av Stortinget 24. februar 2026.*

**Alkohol**

*Den 7. april 2026 leverte Helsedirektoratet svar på et oppdrag om å gjøre en vurdering av ulike teknologiske løsninger for fjernbetjent salg opp mot alkoholregelverket. Utredningen er tilgjengelig på Helsedirektoratets nettsider her: Juridisk vurdering av alkoholsalg i fjernbetjent butikk. Departementet vil gjennomgå utredningen og vurdere behovet for eventuelle regelverksendringer.*

*Departementets vurdering er at det kan gis bevilling for salg av alkohol til fjernbetjent butikk, gitt at de tekniske løsningene er gode nok til å oppfylle alkohollovens krav. Dette må vurderes konkret i den enkelte sak.»*

Stortinget har i sitt anmodningsvedtak 24.02.2026 bede regjeringa syte for at kommunar kan tillate sal av alkohol i fjernbetente butikkar, og om naudsynt kome attende til Stortinget med

*[Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift](#)*

forslag til lovendring.

**Helsedirektoratet si definisjon av fjernbetent butikk er:** Butikklokale blir "bemanna" på avstand gjennom digital teknologi, samstundes som det fysiske butikklokalet er utan betening.

Det kan tenkjast fleire moglege innretingar og teknologiske løysingar, og følgjeleg variasjonar i graden av (fjern)betening frå butikk til butikk, sjå side 7 i juridisk notat frå Helsedirektoratet, vedlagt søknaden.

### **Vurdering**

Kommunen har ikkje plikt til å gi løyve, men kommunen må gjere ei konkret vurdering i kvar sak. Saka må vurderast etter reglane i alkohollova. Det er kommunen som avgjer søknader om salsløyve, jf. § 1-7. Ved vurderinga av om løyve bør givast, har kommunen eit vidt rom for utøving av skjønn, jf. § 1-7 a. Det kan mellom anna leggjast vekt på alkoholpolitiske omsyn, kontrollomsyn, lokale forhold og næringspolitiske omsyn. Alkohollova § 1-1 slår fast at formålet med lova er å avgrense i størst mogleg grad dei samfunnsmessige og individuelle skadane alkoholbruk kan medføre, og å avgrense forbruket av alkoholhaldige drikkevarer. Helsedirektoratet har vurdert alkoholsal i fjernbetent butikk opp mot alkoholregelverket (sjå vedlegg til søknad). Direktoratet konkluderer med at det ikkje kan utelukkast at dagens teknologi kan ivareta relevante krav i regelverket, men at krava samla sett vil vere meir utfordrande å oppfylle enn i tradisjonelle, betente løysingar.

Føremålet med dei digitale løysingane er å leggje til rette for forsvarleg sal av alkohol også i tidsrom der det ikkje er fysisk bemanning i butikken. Digitalt bemanna drift/fjernbetent drift inneber at butikken til ei kvar tid er underlagd digitalt tilsyn gjennom vaktsentral, kameraoppfølging, høgtalaranlegg og tilkallingssystem ved behov. Butikken er difor ikkje utan tilsyn, men vil vere digitalt bemanna når det ikkje er fysisk personell til stades.

Overgangen mellom fysisk bemanna og digitalt bemanna drift blir handtert gjennom systemstyrte rutinar som automatisk aktiverer eller deaktiverer tilgang til alkoholskapet i samsvar med salstidene. Alkohol vil berre vere tilgjengeleg i dei tidsromma som er fastsette i alkohollova og kommunen sitt regelverk.

Fjernbetente butikkløysingar kan vere viktige for å oppretthalde butikkdrift i små lokalsamfunn og distriktsområde. For mange små butikkar kan slike løysingar vere avgjerande for økonomi, opningstider og tenestetilbod. Kommunedirektøren har forståing for desse næringsomsyna og ser at fjernbetent drift kan vere ei god løysing for å sikre vidare drift av små butikkar i distrikta. Den teknologiske utviklinga har gjort det mogleg å etablere avanserte kontrolltiltak. Særleg gjeld dette alderskontroll, identifisering og avgrensing av tilgang til alkoholvarer. Helsedirektoratet peikar sjølv på at fleire av desse krava i utgangspunktet kan oppfyllest ved bruk av dagens teknologi.

Samtidig er ikkje alkohol ei vare på linje med andre varer. Alkohollova byggjer på at alkohol skal vere underlagt strengare kontroll fordi varen kan medføre vesentlege skadeverknader. Formålet med lova er ikkje å gjere alkohol lettast mogleg tilgjengeleg, men å avgrense skade og forbruk gjennom mellom anna kontroll med korleis sal skjer.

Helsedirektoratet si vurdering er at fjernbetente løysingar samla sett vil gi svakare etterleving av alkoholregelverket enn tradisjonelle, betente løysingar. Dette gjeld særleg forbodet mot sal til personar som er openbert påverka av rusmiddel, jf. alkohollova § 8-11. Eit sentralt spørsmål i saka er om den omsøkte digitale løysinga i tilstrekkeleg grad kan oppfylle forbodet i Alkohollova § 8-11 mot sal til personar som er openbert påverka av rusmiddel.

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift*

Denne føresegna stiller krav om at sal ikkje skal skje dersom kunden framstår tydeleg rusa. Vurderinga er skjønnsmessig og må byggje på ei konkret og heilskapleg bedømming av kunden si åtferd, motorikk, framferd, reaksjonsevne og allmenne tilstand.

Direktoratet skriv i si vurdering at kravet moglegvis kan oppfyllest, men at dette krev ei skjønnsmessig vurdering. Nokre vurderingsmoment kan truleg fangast opp ved hjelp av tekniske løysingar, medan andre krev nærleik til situasjonen. Helsedirektoratet viser til uttalen frå OUS. Der går det fram at ved vurdering via videoovervaking i ubetente butikkar vil ein ikkje kunne observere teikn som krev fysisk nærleik, som alkohollukt, snøvlete tale eller pupillstorleik. Vurderinga må derfor byggje på observerbar åtferd og motorikk. Samtidig blir det peika på at fleire av dei same teikna og symptoma òg kan skuldast skade eller sjukdom. Direktoratet meiner også at summen av fjernbetente løysingar vil medføre svakare etterleving av regelverket enn ved fysisk bemanning. Etter kommunedirektøren si vurdering inneber dette ein risiko for at personar som er openbert påverka ikkje blir fanga opp, og at den digitale løysinga dermed ikkje gir same kontrollnivå som alkohollova føreset. Dette svekkjer høvet til å sikre forsvarleg sal og talar mot at løysinga oppfyller lovkrava på ein tilstrekkeleg trygg måte. Det må også leggjast vekt på direktoratets utale om at fråvær av fysisk bemanning svekkjer den sosiale kontrollen i salssituasjonen. Det gjeld både ved vurdering av rus, ved mistanke om langing og ved handtering av situasjonar som oppstår i butikklokalet. Eit grunnleggjande alkoholpolitisk omsyn er at sal av alkohol skal skje under strengare kontroll enn sal av ordinære daglegvarer. Løyvesøkjar har møtt mange av desse utfordringane og gjort grundige vurderingar. Løyvesøkjar har laga rutine med mange relevante tiltak for å redusera risiko med fjernbetent alkoholsal, slik det går fram av søknad og rutine. Kommunedirektøren vurderer at næringsomsyn og distriktsomsyn skal leggjast vekt på.

### **Konklusjon**

*Kommunedirektøren sluttar seg til vurderinga frå politiet. «.....synest verksemda å ha gjort grundige vurderingar av dei utfordringane som kan oppstå, og har skildra tiltak som framstår som eigna til å redusere risiko. Det vert lagt til grunn at dei skildra rutinane og tekniske løysingane vert implementerte og etterlevde i praksis, og at verksemda fortløpande evaluerer ordninga og gjer nødvendige justeringar dersom erfaringane tilseier det.»*

Løyvesøkjar har tilpassa sine rutiner så langt det er mogleg for å sikre ansvarleg fjernbetent alkoholsal. M.a. ved at det alltid skal vere dialog med, og utsjekking av om, kunden er openbart rusa før skåpet med alkohol vert låst opp, og når salet vert gjennomført. I tillegg er det lokalt tilsette i butikken som er fjernoperatør og butikken har berre éi sjølvbeteningskasse å følgje opp dvs. «eitt alkoholsal om gongen». I andre fjernbetente butikkar er det gjerne ein vaktsentral som har ansvar for fleire utsalsstader og fleire alkoholsal om gangen. Kommunedirektøren legg elles vekt på næringspolitiske omsyn og tilrår etter ei samla vurdering at løyvet vert gitt for ein prøveperiode som søkt om. Etter ca. 4 månader vert det gjennomført evaluering - i dialog med kommunen - slik løyvesøkjar har skissert i søknaden sin.